

Arbeidsutvalget
Leder rådmannsutvalget

Møte i Arbeidsutvalget

Dato: 10.03.2017
Tidspunkt: kl 09.00- 11.30
Møtested: Regionkontoret

Saker:

Sak 03/17: Søknad om tilskudd til Fjell 9 og Travel Guide 2018

Sak 04/17: Søknad om tilskudd til utvikling av fase 3 Norsk Fjellsenter

Sak 05/17: Søknad fra Vågå kommune om medfinansiering på Masterplan for Ullinsvin

Orientering:

1. Digitaliseringsstrategi v/representanter fra nedsatt regionalt utvalg og Ivar Sorknes fra Telenor.
2. Regionalt innkjøpssamarbeid v/Rune Grindstuen, leder av fagrådet og leder av rådmannsutvalget Halvor Nissen.

Drøftinger:

1. Tema for felles formannskapsmøte 27. april

Eventuelt.



Ole Aasaaren
Regionsjef

Regionrådet Nord-Gudbrandsdal

Saksnr: 2017/5 -4

Arkiv:

Saksbehandler:

Ole Aasaaren

Dato: 28.02.2017

Saksfremlegg

RNF 02/17

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
Sak 03/17	Arbeidsutvalg	10.03.2017

Søknad om tilskudd til Fjell 9 og Travel Guide 2018

Vedlegg: Søknad fra Nasjonalparkriket Reiseliv AS

Saksutredning

Nasjonalparkriket Reiseliv AS søker om tilskudd for utgivelse av destinasjonsmagasinet Fjell og Travel Guide. Magasinet Fjell er tidligere utgitt 8 ganger, mens Travel Guide utgis for andre gang.

Fjell 8 - 2017 ble trykt i 40.000 eksemplar, Guiden ble trykt i 5.000 tyske, og 10.000 engelske eksemplar. I tillegg ligger FJELL og Guiden tilgjengelig på hjemmesiden til NPR, samt en norsk utgave av Guiden.

Regionrådet har tidligere støttet utgivelsen med 100.000 i 2011 som en underskuddsgaranti, og med 200.000 i 2016.

Vurdering

Reiselivet hadde gode besøkstall i 2016. I perioden januar - oktober økte antall hotellovernattinger med 11,8 % i forhold til 2015. Nordmenn står for den største økningen, men vi ser også en solid økning blant utenlandske turister. Totalt sett, for alle overnattingsformer, er det en økning på 8,8 %, eller ca 53.000 flere overnattinger i 2016 enn i 2015.

Det er gode grunner for å mene at trender viser at utviklingen vil fortsette også i årene fremover. Fjellopplevelser står sterkt i det internasjonale og nasjonale markedet. Nasjonalparker klinger godt i ørene til utenlandske turister. Nord-Gudbrandsdalen er det området i landet med størst økning av antall gjestedøgn sommeren 2016. Rapporter fra næringen viser allerede godt belegg for sesongen 2017, noe som vitner om at fjellområdene våre er et populært reisemål.

Gratismagasinet Fjell har fått svært god omtale i bransjen og markedsfører regionen med artikler som skaper interesse og oppmerksomhet.

Bladet Fjell er Nasjonalparkriket Reiseliv sitt reiselivsmagasin. Målet med Fjell er å inspirere tilreisende både før, under og etter oppholdet i vår region.

Profileringen av medlemsbedrifter er stor, men bladet gagnar også andre bedrifter i vårt område. Magasinet er også viktig for lokal- og hyttebefolkningen, for å vise mangfoldet og for å inspirere de til å bruke vårt område i større grad.

I tillegg produseres det en Guide som er oversatt til tysk og engelsk. Denne er mer praktisk retta,

med informasjon som vil gjøre reisen i regionen vår mer oversiktlig, forutsigbar og innholdsrik

I flere sammenhenger er det understreket betydningen av hele tiden arbeide for å bli bedre på det som allerede går godt. Utviklingen i reiselivet i norddalen kan nettopp være et eksempel på viktigheten av å tenke på denne måten. Det er stor konkurranse om oppmerksomheten og kundene, og næringa må kontinuerlig utvikle produktene og forsvare sine posisjoner.

Av et totalbudsjett på kr. 830.000 søkes det om kr. 230.000. Regionsjefen forholder seg til at Magasinet Fjell og Travel Guide er et svært viktig profilerings- og salgsmateriell for en næring som betyr mye og er i god vekst. Det regionale destinasjonsselskapet NPR AS har formaliserte avtaler med 5 av kommunene i regionen.

Regionsjefen foreslår å imøtekomme søknaden, og forventer at NPR AS synliggjør regionrådet som samarbeidspartner på en passende måte, uten at det tas inn som en del av vedtaket.

Støtten foreslås dekket fra Regionalt Næringsfond. Arbeidsutvalget er fondsstyre.

Regionsjefens forslag til vedtak:

1. Arbeidsutvalget bevilger inntil kr. 230.000 til finansiering av Fjell 9 og Travel Guide 2018.
2. Bevilgningen dekkes av Regionalt Næringsfond.
3. Utbetaling skjer på anmodning etter framlagt regnskap.

Vedlegg:

24.02.2017

Søknad om tilskudd FJELL 9 og Travel Guide

Bakgrunn

Fjell er et reiselivsmagasin som utgis av Nasjonalparkriket Reiseliv AS. Magasinet skal inspirere til store opplevelser i og rundt de seks nasjonalparkene Breheimen, Dovre, Dovrefjell-Sunndalsfjella, Jotunheimen, Reinheimen og Rondane

Generelle opplysninger

Virksomhetens navn: Nasjonalparkriket Reiseliv AS

Organisasjonsnummer: 994 861 026

Bransje: Reiseliv

Adresse: Ola Dahls gate 1, 2670 Otta

Telefon: 61 24 14 44

Epost: oleerik@nasjonalparkriket.no

Kontaktperson: Ole Erik Bjørnstadhaugen

Beskrivelse av tiltaket

Bladet FJELL er Nasjonalparkriket Reiseliv sitt reiselivsmagasin. Det er unikt med sine redaksjonelle og inspirerende tekster og fantastiske bilder.

FJELL lages for å inspirere de som elsker livet i fjellet, for å få flere til å besøke vår flotte region, for å få dem til å oppleve mer når de er her og bli lengre når de først har kommet.

Reiselivet i fjellregionen vår er i en fantastisk vekst og reiselivsnæringen opplever store oppgangstider. Gjennom FJELL profileres våre medlemsbedrifter stort, men bladet gagnar også andre bedrifter i vårt område. Magasinet er også viktig for lokalbefolkningen, for å vise mangfoldet og for å inspirere de til å bruke vårt fantastiske område i større grad.

Bladet inneholder også et gratis kart for regionen, der våre medlemmer er profilert og plassert.

Som et supplement til FJELL blir det også trykt en egen Travel Guide på engelsk og tysk med fokus på aktiv ferie, turtips, mat fra Nasjonalparkriket, severdigheter, arrangementer og viktig praktisk informasjon. Denne informasjonen skal gjøre reisen i regionen vår mer oversiktlig, forutsigbar og innholdsrik for våre internasjonale gjester. Denne ser allerede ut til å bli en suksess og blir svært godt mottatt av våre medlemmer.

Fjell 8 - 2017 ble trykt i 40000 eksemplar, Guiden ble trykt i 5000 tyske, og 10000 engelske eksemplar. Erfaringer fra opplaget til FJELL 8 - 2017 legger grunnlag for opplaget til FJELL 9 - 2018. I tillegg ligger FJELL og Guiden tilgjengelig på hjemmesiden vår samt en norsk utgave av Guiden.

Målgrupper

Gjennom FJELL og Guiden ønsker vi å nå aktive småbarnsfamilier og friluftsentusiaster i alle aldre som er interessert i å finne nye turperler, ha et aktivt friluftsliv og prøve ut nye aktiviteter. FJELL skal også inspirere hytteturisten og lokalbefolkning i regionen vår.

Synliggjøring og distribusjon

FJELL og Guiden er som nevnt tilgjengelig via hjemmesiden via Issue, samt på Facebook. De blir distribuert til våre medlemsbedrifter, flere turistpunkter i vår region. I tillegg

distribueres bladet på strategiske steder i Norge, samt internasjonale arenaer på bestilling. FJELL sendes også ut til kunder via bestillinger fra instagram, Facebook, nyhetsbrev og epost.

Budsjett

Vi har utarbeidet et budsjett basert på erfaringstall. Vi skal ha et oppstartsmøte den 6. mars, så tallene kan bli justert litt. Alle beløp er eks. mva.

KOSTNADER

Redaksjonelt innhold (Foto og tekst):	-	kr 100.000,-
Trykk:	-	kr 300.000,-
Distribusjon (vedlegg 1)	-	kr 150.000,-
Design:	-	kr 100.000,-
Egeninnsats 290timer x kr 550,-	-	kr 160.000,-
Oversettelse	-	kr 15.000,-
Lagring:	-	kr 5.000,-

Totale prosjektkostnader - kr 830.000,-

Finansieringsplan

Annonseinntekter fra næringa	-	kr 300.000,-
Egeninnsats 290timer x kr 550,-	-	kr 160.000,-
Egne midler	-	kr 140.000,-
Tilskudd Regionrådet	-	kr 230.000,-
Total finansiering	-	kr 830.000,-

Søknad

Det søkes herved Regionrådet Nord-Gudbrandsdalen om kr. 230.000,- i medfinansiering av FJELL 9 og Travel Guide i henhold til beskrivelse og budsjett.

Med vennlig hilsen

Ole Erik Bjørnstadhaugen
Reiselivssjef/Daglig leder Nasjonalparkriket Reiseliv AS

Regionrådet Nord-Gudbrandsdal

Saksnr: 2017/5 -7

Arkiv:

Saksbehandler:

Ole Aasaaren

Dato: 01.03.2017

Saksfremlegg

RNF 03/17

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
Sak 04/17	Arbeidsutvalet	10.03.2017

Søknad om tilskudd til utvikling av fase 3 Norsk Fjellsenter

Vedlegg: 1.Søknad og budsjett frå Norsk Fjellmuseum

Norsk Fjellmuseum – Norsk Fjellsenter

Norsk Fjellmuseum (NF) er ei stifting, etablert i 1991, med 13 stiftarar. Sentrale stiftarar er DNT, Lom kommune, Norges Fjellstyresamband, Norges Jeger og Fiskeforbund, Universitetet i Bergen, Norsk Tindeklubb og Statskog.

NF opna i 1994 og er det einaste besøkssenter nasjonalpark (Jotunheimen, Breheimen og Reinheimen) av sitt slag i regionen. NF er museum for natur- og kulturhistoria i fjellet, tidleg fjellturisme, dei brearkeologiske funna, nasjonalparkane og forvaltningsknutepunkt, i tillegg til at de administrerer og drifter Klimapark 2469. NF er 1 av 3 eigarar av Klimapark 2469 AS. NF er nå 5 tilsette, inkludert 1 prosjektstilling. I sommarsesongen er det det 3 ekstra tilsette. I Klimapark 2469 AS er det 3 tilsette, fordelt på 1,8 årsverk + 5 ekstra tilsette i sommarsesong.

Det er plassert 2 statlege stillingar i NF, nasjonalparkforvaltarar for nasjonalparkane Jotunheimen og Reinheimen, 1 nasjonalparklandsby/kommune koordinator for Norge og 3 tilsette i Gudbrandsdalsmusea AS. Til saman er det 17 i faste stillingar i kontormiljøet på Norsk Fjellmuseum, i tillegg til fleire sesongtilsette.

NF har over ei tid sett behovet for å få samla fjellmuseet sine roller og funksjonar inn under ein felles overbyggnad. Norsk Fjellsenter er namnet styret har lansert som namn på overbyggnaden som aktørane samhandlar og utviklar seg under. Det skal også signalisere satsing og ambisjonar framover. Målsettinga er at Norsk Fjellsenter skal bli Oppland og Norge sitt fyrårn på formidling av fjellet si historie, ressursar og kvalitetar.

Saksframstilling

Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal løyvde kr. 400.000,- til utvikling av Norsk fjellsenter i 2016. Det etter ein søknad om fleirårig støtte.

I vurderinga synte Regionrådet da til at det er *"liten praksis for å gjeva store løyvingar over fleire budsjettår i regionrådet. Difor vil regionsjefen tilrå at søknad for 2017 vert send på nytt neste år."*

Fase 2 i utviklingsprosjektet som søknaden for 2016 gjaldt, er gjennomført. Det nye publikumsarealet ved Norsk fjellsenter vart opna 3. juni 2016. Regionrådet har no fått ein ny søknad som gjeld utvikling av fase 3 ved Norsk Fjellsenter. Søknadsbeløpet er kr. 500.000.

Fase 3 er hovudutstilling som skal bli ferdig til sesong 2018. Arbeidet er i gang, prosjektleiar og utstillingsdesignar, styringsgruppe og referansegrupper er etablert. Utstillinga har fått namnet BERGTATT og skal formidle natur- og kulturhistoria til fjellområda i Noreg.

Overordna tema er menneske og fjell. Målet med utstillinga er å auke bevisstheita kring ressursar i fjellet, korleis vi forholdt oss til fjellet og kva rolle fjellet spelar i liva våre. Tema er; nasjonalparkane, brearkeologi, naturmangfald og klima i fjellet, ressursutnytting i fjellet og fjellturismen si utvikling.

Det er frå søkjar etablert eit tettare samarbeid med DNT og opning av hovudutstilling i 2018 blir ein del av DNT sitt 150-års jubileum.

Norsk fjellsenter kan syne til svært positive besøkstal for sesongen 2016, ei auke på over 40% frå året før. Det var i overkant av 33 000 innom dørene i 2016.

Vurdering

Regionsjefen har i tidlegare saksframstilling i 2016 pekt på at Norsk Fjellmuseum er ein viktig aktør for å gi regionen ein identitet som et nasjonalparkrike/en nasjonalparkregion. Eit ferdigutvikla Norsk Fjellmuseum gjev turisten ein moglegheit til lære om fjellets historie og kva det betyr for samfunnet i fjellnoreg. Slik blir Fjellmuseet ein viktig aktør innan opplevings-turismen i regionen.

Det blir ikkje peika på direkte sysselsettings effektar ved museet. Men ei auke i besøkstalet på 40 % vil sannsynligvis ha verknad på sysselsettinga, i tillegg til at det styrker omsetninga og driftsgrunnlaget. Den viktigaste effekten vil vera attraksjonen som eit regionalt/nasjonalt besøkssenter.

Finansielt er prosjektet svært ambisiøst. Fase 3 som det blir søkt finansiering på nå har ei ramme på 9.358.000 – manglar finansiering på 3.559.000.

Frå søknaden i 2016 finn regionsjefen formuleringa » Norsk Fjellmuseum søker Regionrådet i Nord-Gudbrandsdalen om utviklingsstøtte på kr. 750.000,- til utvikling av fase 2 og 3, som eit eingongsbeløp, eller fordelt over 2 år frå og med 2016».

Når regionsjefen tilrådde å søkja på nytt i 2017, var nok tanken at eit søknadsbeløp på 750.000 til eit arbeid over 2 år kunne finansierast over 2 år. Ein naturleg konsekvens ville da vera ei løyving på 350.000, sjølv om søknaden nå er på 500.000. Regionsjefen ser at finansierings-planen er utfordrande, samtidig som dette er ei stifting med fleire sterke eigarar.

Det er viktig for regionen å byggje nokre «highlights». Eit ferdigstilt Norsk Fjellsenter i tråd med planane kan absolutt ta ein slik posisjon. Difor vil regionsjefen foreslå å løyva 400.000 til utvikling av fase 3.

Regionsjefens forslag til vedtak:

1. Arbeidsutvalet løyver inntil kr. 400.000 til realisering av fase 3 i utvikling av Norsk Fjellsenter.
2. Løyvinga vert dekt av Regionalt Næringsfond
3. Utbetaling skjer etter gjennomføring av arbeidet og framlagt dokumentasjon.

Søknad om midlar til utvikling av Norsk Fjellsenter

Fjell - natur - kultur

Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal

Vår ref. Mai Bakken

Dato 28.02.17

Innleiing

Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal løyvde kr. 400.000,- til utvikling av Norsk fjellsenter i 2016. I vurderinga syner Regionrådet til at det er *"liten praksis for å gjeva store løyvingar over fleire budsjettår i regionrådet. Difor vil regionsjefen tilrå at søknad for 2017 vert send på nytt neste år."* Løyvinga vi fekk frå Regionrådet i 2016 er viktig for oss, både med tanke på lokal/regional forankring og økonomisk for å få gjennomført dei utviklingsplanane Norsk fjellsenter har. Det er positivt at Regionrådet rår oss til å søke på nytt i 2017.

Norsk fjellsenter

Fase 2 i utviklingsprosjektet vårt er gjennomført, og det nye publikumsarealet ved Norsk fjellsenter vart opna 3. juni 2016.

Det vart eit omfattande arbeid som skulle gjennomførast utanom sesong, og arbeidet gjekk føre seg frå november til nybygget sto ferdig kring midten av mai 2016. I tillegg til å legge til rette eit stort publikumsareal har vi implementert den nye merkevaren for nasjonalparker i Noreg, dette som pilot for dei andre besøkssentra i Noreg. Publikumsarealet er ope, lyst og triveleg. Golvet er slipt betong, sitteplassar og butikkmodular er teikna for å passe inn. Val av material og interiør er enkelt, solid, miljøvennleg, vedlikehaldsfritt og norsk, heiltre, furu og gran. Tilbygget er i kjerneved av norsk malmfuru, jernvitrolbehandla med naturleg gråning. Det var lokale entreprenørar som stod for alt på bygget, frå sjølve bygget, det elektriske, grunnarbeidet og interiør, noko vi er svært tilfreds med.

Norsk fjellsenter kan syne til svært positive besøkstal for sesongen 2016, ei auke på over 40% frå året før. Det var i overkant av 33 000 innom dørene i ein hektisk sesong. Det nye bygget har funksjonar som gjer at andre også finn det spennande å legge møter, seminar og arrangement hit. Vi er nokre skritt vidare mot målet vårt som er å bli det mest heilskapelege og spennande fjellsenteret i Noreg.

Vidare utvikling

Norsk fjellsenter har delt utviklingsprosjektet i 4 fasar. Dette for å ha kontroll med utviklinga og for å få fordelt kostnader og arbeid over fleire år. Vi har gjennomført fase 1 og 2 og har fått eit inngangsparti med eit utandørs informasjonstorg med tilrettelegging for tilreisande heile døgnet. Publikumsarealet fungerer godt for dei som søker informasjon og kunnskap. Det fungerer også godt ved arrangement, møter og seminar. Vi arrangerte Lom skifestival i november 2016, (www.lomskifestival.no). Det vart ein suksess der ca. 140 skiglade randoneeenusiastar besøkte området ei langhelg på ei tid av året da det vanlegvis ikkje er så mykje aktivitet.

Nå er det nye utstillingar som skal på plass. Fase 3 er hovudutstilling der vi har som mål å bli ferdige til sesong 2018. Vi er godt i gang med dette arbeidet. Prosjektleiar og utstillingsdesignar, styringsgruppe og referansegrupper er etablert og held planlagt framdrift.

Utstillinga har fått namnet BERGTATT og skal formidle natur- og kulturhistoria til fjellområda i Noreg. Overordna tema er menneske og fjell. Målet med utstillinga er å auke bevisstheita kring ressursar i fjellet, korleis vi forholdt oss til fjellet og kva rolle fjellet spelar i liva våre. Innhaldet skal vere fagleg forankra, engasjerande, vekkje nysgjerrigheit og gje nye perspektiv.

Tema er; nasjonalparkane, brearkeologi, naturmangfald og klima i fjellet, ressursutnytting i fjellet og fjellturismen si utvikling.

Det er etablert eit tettare samarbeid med DNT og opning av hovudutstilling i 2018 blir ein del av DNT sitt 150-års jubileum.

Norsk fjellsenter skal ha ei berekraftig tilnærming til forvaltning, formidling og verdiskaping, det skal visast i utstillingar, fomidlingsløysingar og drift. Vi ynskjer å vere ei bedrift som balanserer alle sider ved å vere berekraftig, både når det gjeld miljø, det sosiale og økonomisk.

Etter sesong 2016 er vi styrka i trua på at utviklinga av eit kraftfullt Norsk Fjellsenter er med på å styrke og drive verdiskaping for region Nord-Gudbrandsdal og for fjellfylket Oppland. Vi når også ut nasjonalt og internasjonalt, kring 35% av dei som besøker oss er utlendingar.

Ferske statistikkar og målingar som gjeld reiselivet som næring, bygger opp under satsinga på Norsk fjellsenter. Noreg er i vekst samanlikna med resten av verda, og Oppland er det fylket som har størst vekst i reiselivet. Det er viktig at vi grip dei utfordringar og moglegheiter som er der, og er førebudd på å ta del i verdiskapinga.

Vi søker Regionrådet i Nord-Gudbrandsdalen om utviklingsstøtte på kr. 500.000,- til utvikling av fase 3 i 2017/2018.

Fase 3 har ein total kostnadsramme på kr. 9.358.000,- inkl. prosjektleiing. Detaljert budsjett og finansieringsplan ligg ved søknaden. Manglande finansiering er kr. 3.558.000,-.

Prospektet som beskriv ambisjonar, mål, innhald, samfunnsrolle, driftskonsept, økonomi, og fasar og framdriftsplan i utvikling av Norsk Fjellsenter har vi sendt over til Regionrådet tidlegare. Revidert budsjett og finansieringsplan er lagt ved denne søknaden. .

Ved å støtte utviklingsplanane vil Regionrådet v/kommunane bli syneleggjort som samarbeidspart i det nye senteret, samt at vi kan drøfte andre ulike former for korleis vår samla kompetanse kan føre til verdiskaping for regionen og Oppland fylke.

Ikkje nøl med å ta kontakt om noko er uklart eller om de har spørsmål.

Med helsing

Dagleg leiar



Mai Bakken

Norsk Fjellmuseum

Vedlegg: Revidert budsjett/finansieringsplan

Budsjett pr.12.12.16 utstilling av fase 3 Norsk Fjellsenter 2018:Utgifter

Prosjektleiing	1 200 000
Utstillingsdesigner	950 000
Reisekostnad og møter	150 000
Utvikling og produksjon av 366 m2 utstillingsareal	4 758 000
Fornyng auditoriet 77 m2	1 000 000
Fjellviten	800 000
Uforutsett	500 000
Sum	9 358 000

Inntekter

Regionrådet Nord Gudbrandsdal	500 000
Sparebank 1 Lom og Skjåk	500 000
Oppland Fylkeskommune	2 000 000
Miljødirektoratet	1 000 000
Sparebankstiftinga DNB	800 000
Eigenandel	1 000 000
Manglande finansiering	3 558 000
Sum	9 358 000

Manglande finansiering, ikkje sendt søknad

Kulturdepartementet	2 000 000
Verneområdestyra	600 000
Innovasjon Norge	1 000 000
Sum	3 600 000

Regionrådet Nord-Gudbrandsdal

Saksnr: 2016/33 -25

Arkiv:

Saksbehandler:

Frode Damstuen

Dato: 07.03.2017

Saksfremlegg

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
Sak 05/17	Arbeidsutvalg	10.03.2017

Søknad fra Vågå kommune om medfinansiering på Masterplan for Ullinsvin

Vedlegg: Søknad frå Vågå kommune

Saksutredning

Vågå kommune søker Regionrådet om kr. 50.000,- til utarbeiding av Masterplan for Ullinsvin kunst- og kultursenter. Vågå kommune har også vært i kontakt med OFK for medfinansiering, og er oppmoda til å søke som omtalt i finansieringsplanen.

Vågå kommune har dei siste åra arbeida for å etablere eit kunst- og kultursenter i Ullinsvin, som er den gamle prestegarden i Vågå. Vågå Formannsskap vedtok i møte 05.06.2014 følgjande :

1. Formannskapet gjev si tilslutning til å gjennomføre prosjektet Galleri Krogvold.
2. Formannskapet gjev si tilslutning til å lokalisere galleri Krogvold til Ullinsvin.
3. Formannskapet delegerer til rådmannen i samarbeid med ordførar å setje ned ei prosjektgruppe der friviljuge lag og foreiningar har ein sentral plass.
4. Prosjektet skal realiserast innan 01.09.2015.
5. Tone Bakken blir vald som leiar for prosjektet.

På bakgrunn av dette vart det etablert ei prosjektgruppe og ei styringsgruppe som arbeida med forprosjekt for Galleri Ullinsvin (tidlegare Galleri Krogvold). Parallelt med dette deltok kommunen (ved styringsgruppa for Galleri Krogvold) på den kommunale innovasjonsskulen ved Høgskolen på Lillehammer. Studiecaset til Vågå var kulturbasert næringsutvikling gjennom utvikling av Ullinsvin som eit kunst- og kultursenter. Forprosjektet går mot slutten, men Vågå kommune har trass mykje godt arbeid ikkje greidd å halde framdriftsplanen som skissert. Vi ser det no som nødvendig å få utarbeida ein masterplan for å sikre ein hensiktsmessig utviklingsprosess og få eit heilskapleg prospekt og ein overordna strategi for Ullinsvin. Arbeidet med ein masterplan har som mål å kartlegge breiare m.a.:

- Fleire aktørar som er interessentar i området og kven som ønskjer å delta i eit samarbeidsprosjekt.
- Moglegheiter til fleirbruk i området.

- Moglegheiter og potensiale når det gjeld innhald og aktivitetar i Ullinsvin kunst- og kultursenter.
- Avklare bindingar og planar til området som kan legge premissar framover.
- Avklaring av driftsform – behov for å lage ei solid plattform for framtidig drift og legge grunnlag for ei langsiktig utvikling etter felles mål.

For å kunne gjennomføre tiltaka som vil kome opp gjennom arbeidet med masterplanen, trengs finansiering. Arbeidet vil difor måtte leggjast opp med sikte på å skaffe eit grunnlag for å utarbeide søknadar om tilskot frå offentlege og private organ.

Budsjett masterplan

Utgifter:

Ekstern konsulent kr 200 000

Prosjektmidlar og eigeninnsats Vågå kommune kr 300 000

Sum kr 500 000

Finansiering:

Midlar frå Oppland fylkeskommune kr 200 000

Midlar frå Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal kr 50 000

Eigenkapital og eigeninnsats Vågå kommune kr 250 000

Sum kr 500 000

Vurdering

Regionsjefen legg merke til at husmassa i Ullinsvin er eigd av Vågå Historielag, bortsett frå kjellarlokala under låve og fjøs som er eigd av Vågå kommune. Opplysningsvesenets Fond eig grunnen i Ullinsvin. Vågå kommune har inngått langsiktig leigeavtale med Historielaget om bruk av i fyrste omgang låven og på sikt fjøset. Desse lokala er tiltenkt Galleri Ullinsvin, og vil utgjere kjerna i Ullinsvin kunst- og kultursenter. Det blir opplyst at Vågå kommune er i dialog med Norsk Kulturarv og Gudbrandsdalsmusea inkl. Norddalsarkivet og Folkemusikkarkivet for å leggje til rette kjellarlokala for kontor til desse aktørane. Norsk Kulturarv er allereie på plass i lokala. Dette er aktørar som kan vere med på å bygge opp Ullinsvin rundt formidling av kunst, kultur og kulturhistorie; aktørar med ei felles plattform som vil danne eit fundament for den daglege aktiviteten. Forpaktarbustaden i Ullinsvin er leigd ut til skinnfellmakar Sofie Kleppe. Delar av hovudbygningen er leigd ut til Vågå Husflidslag.

Med bakgrunn i mangfaldet av aktørar forstår vi at ein masterplan vil kunne rydde veg for ein rasjonell organisering av anlegget. Vidare forventar regionsjefen at ei realisering av planane må gje næringsmessige resultat for både deltakarar og omliggjande verksemder. Regionsjefen rår fondsstyret for regionalt næringsfond om å imøtekoma søknaden.

Regionsjefens forslag til vedtak:

1. AU som fondsstyre for regionalt næringsfond løyver inntil kr. 50.000,- til utarbeiding av Masterplan for Ullinsvin kunst- og kultursenter.
2. Løyvinga blir løyvd av regionalt næringsfond og utbetalt etter gjennomført plan.

Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal
Skansen 7
2670 Otta

Vår ref.
2014/606-16

Dvkkar ref:
Frode Damstuen

Saksbehandlar
Tora Sandbu

Dato
07.03.2017

tora.sandbu@vaga.kommune.no

Søknad til Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal om støtte til utarbeiding av masterplan for Ullinsvin kunst- og kultursenter

Vågå kommune søker Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal om kr 50 000,- i støtte til å utarbeide ein masterplan for området Ullinsvin og Ullinsvin kunst- og kultursenter i Vågå.

Bakgrunn

Vågå kommune har dei siste åra arbeida for å etablere eit kunst- og kultursenter i Ullinsvin, som er den gamle prestegarden i Vågå. Vågå Formannsskap vedtok i møte 05.06.2014 følgjande :

6. Formannskapet gjev si tilslutning til å gjennomføre prosjektet Galleri Krogvold.
7. Formannskapet gjev si tilslutning til å lokalisere galleri Krogvold til Ullinsvin.
8. Formannskapet delegerer til rådmannen i samarbeid med ordførar å setje ned ei prosjektgruppe der friviljuge lag og foreiningar har ein sentral plass.
9. Prosjektet skal realiserast innan 01.09.2015.
10. Tone Bakken blir vald som leiar for prosjektet.

På bakgrunn av dette vart det etablert ei prosjektgruppe og ei styringsgruppe som arbeida med forprosjekt for Galleri Ullinsvin (tidlegare Galleri Krogvold). Parallelt med dette deltok kommunen (ved styringsgruppa for Galleri Krogvold) på den kommunale innovasjonsskulen ved Høgskolen på Lillehammer. Studiecaset til Vågå var kulturbasert næringsutvikling gjennom utvikling av Ullinsvin som eit kunst- og kultursenter. Forprosjektet går mot slutten, men Vågå kommune har trass mykje godt arbeid ikkje greidd å halde framdriftsplanen som skissert. Vi ser det no som nødvendig å få utarbeida ein masterplan for å sikre ein hensiktsmessig utviklingsprosess og få eit heilskapleg prospekt og ein overordna strategi for Ullinsvin. Arbeidet med ein masterplan har som mål å kartlegge breiare m.a.:

- Fleire aktørar som er interessentar i området og kven som ønskjer å delta i eit samarbeidsprosjekt.
- Moglegheiter til fleirbruk i området.
- Moglegheiter og potensiale når det gjeld innhald og aktivitetar i Ullinsvin kunst- og kultursenter.
- Avklare bindingar og planar til området som kan legge premissar framover.
- Avklaring av driftsform – behov for å lage ei solid plattform for framtidig drift og legge grunnlag for ei langsiktig utvikling etter felles mål.

For å kunne gjennomføre tiltaka som vil kome opp gjennom arbeidet med masterplanen, trengs finansiering. Arbeidet vil difor måtte leggjast opp med sikte på å skaffe eit grunnlag for å utarbeide søknadar om tilskot frå offentlege og private organ.

Status eigarskap, leigartilhøve og dagens aktivitet i Ullinsvin

Husmassa i Ullinsvin er eigd av Vågå Historielag, bortsett frå kjellarlokala under låve og fjøs som er eigd av Vågå kommune. Opplysningsvesenets Fond eig grunnen i Ullinsvin. Vågå kommune har inngått langsiktig leigeavtale med Historielaget om bruk av i fyrste omgang låven og på sikt fjøset. Desse lokala er tiltenkt Galleri Ullinsvin, og vil utgjere kjerna i Ullinsvin kunst- og kultursenter. Vågå kommune er i dialog med Norsk Kulturarv og Gudbrandsdalsmusea inkl. Norddalsarkivet og Folkemusikkarkivet for å leggje til rette kjellarlokala for kontor til desse aktørane. Norsk Kulturarv er allereie på plass i lokala. Dette er aktørar som kan vere med på å bygge opp Ullinsvin rundt formidling av kunst, kultur og kulturhistorie; aktørar med ei felles plattform som vil danne eit fundament for den daglege aktiviteten. Forpaktarbustaden i Ullinsvin er leigd ut til skinnfellmakar Sofie Kleppe. Delar av hovudbygningen er leigd ut til Vågå Husflidslag.

Vågå Historielag og Gudbrandsdalsmusea har drive med utstrakt vedlikehald av bygningar og tunet i Ullinsvin i ei årrekke . Døme er eldhuset som har fått ny pipe og gamaldags bakaromn, loftet i hovudbygningen er etterisolert og ny utscene i bygdamuseet Jutulheimen (som ligg like i nærleiken av Ullinsvin og som må sjåast i samanheng med Galleri Ullinsvin). Hovudbygningen vil trenge eit kosmetisk lyft, og ein treng på sikt å heve standarden inne.

Husflidslaget i Vågå har ein omfattande aktivitet i Ullinsvin gjennom heile året, med både faste, vekevisе aktivitetar og større arrangement som t.d årleg julemarknad. Hagelaget har lagt ned ein enorm innsats i restaurering av Prestegardshagen inkl. Oldemor Christines Urtehage, slik at den i dag står fram som ein prakthage. Hagen vert drifta av friviljuge i hagelaget gjennom heile sumarhalvåret.

Formål og mogleg innhald i Ullinsvin kunst- og kultursenter

Eigendomen Ullinsvin har i seg sjølv stor kulturhistorisk verdi og er ein attraksjon som det er ynskjeleg skal bli meir kjent og tilgjengeleg. Det er ei målsetjing at Ullinsvin kunst- og kultursenter skal bli eit fyrtårn som har stor betyding både lokalt og regionalt ved å gje lokalbefolkning og tilreisande gode og utviklande opplevingar, ved å synleggjere og bygge Vågå som ei attraktiv kunst- og kulturbygd og derigjennom å tilføre området ein næringsmessig verdi. Profesjonalitet i formidling, eit allsidig innhald og lokalisering er spesielt viktig.

Gjennom forprosjektet for Galleri Ullinsvin har vi knytt til oss tre store kunstnarar, kor to av dei representerer vår tids såkalla verdskunstnarar; fotograf Morten Krogvold og skulptør og biletkunstnar Kjell Erik Killi Olsen. Vi har også avtale med etterkomarane til Kristen Holbø (lokal og nasjonal målar som etablerte det som i kunsthistoria er kjent som «Vågåsommaren») om å få samlingane hans inn i galleriet. Det å samle desse 3 størrelsane i eitt galleri vil vere ein kunsthistorisk skatt, som vi trur vil kunne få stor merksemd både nasjonalt og internasjonalt. I tillegg til desse vil senteret heile tida arbeide for å fylle galleriet og området kring med attraktivt kunstnarisk innhald av nasjonal og internasjonal interesse.

I tillegg til kunst- og kulturformidling på høgt nivå, vil også senteret arbeide spesielt for barn og ungdom og deira møte med kunst og kultur gjennom å etablere blant anna sanserom, egne

verkstader og utstillingsareal. Workshops og kurs innan kunst, kultur og handverk vil utgjere ein vesentleg del av aktivitetane, og dette vil bli gjennomført i samarbeid med aktørane som er etablert i Ullinsvin.

Som nemnt vil låven romme galleriet. Hovudbygningen vil saman med galleriet vere eit knutepunkt i området kor det vil vere servering, møterom og selskapsrom til utleie samt ulike aktivitetar. Under galleriet er det planlagt eit underjordisk klimastyrte magasin, som vil nyttas av både Historielaget, Gudbrandsdalsmusea og Galleri Ullinsvin. Heilheilt og fleirbruk av området er viktig i utviklingsplanane for Ullinsvin. Planlegging i bruken av eigedomane, som er integrert i kvarandre, må skje i felles forståing mellom dei ulike eigar- og brukargruppene på staden og er viktige tema i den komande masterplanen.

Økonomi og driftsform Ullinsvin kunst- og kultursenter

Økonomi og driftsform for Ullinsvin er tema som ein må sjå grundig på i ein masterplan. Det vil krevje betydeleg investeringar å setje i stand låven til eit galleri med dei fasilitetane som er nødvendig, og det må leggjast innsats i å få til eit økonomisk spleiselag mellom både offentlege og private aktørar for å realisere planane. Vidare må det utviklast ei berekraftig organisasjons- og driftsform for Ullinsvin kunst- og kultursenter, kor ein finn inntektsbringande aktivitetar. Eit utstrakt samarbeid med leigetakarane i Ullinsvin er aktuelt då fleire av desse har relevant kompetanse og ynskje om dette, men ein må i tillegg sjå på moglegheita for å få inn eit profesjonelt personell slik at senteret blir drifta på ein mest mogleg optimal måte både økonomisk og utviklingsmessig.

Vågå kommune har tidlegare avsett 1 million kroner til etablering av Galleri Krogvold i Vågå i økonomiplanen sin. Vågå kommune har også motteke 500 000 kr til etablering av sanserom for barn og unge i Galleri Ullinsvin. Vidare utvikling i Ullinsvin vil måtte involvere mange partar, og det blir nødvendig med spleiselag når det gjeld økonomi og drift for å sikre gjennomføring av prosjektet.

Budsjett masterplan

Utgifter:

Ekstern konsulent kr 200 000

Prosjektmidlar og eigeninnsats Vågå kommune kr 300 000

Sum kr 500 000

Finansiering:

Midlar frå Oppland fylkeskommune kr 200 000

Midlar frå Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal kr 50 000

Eigenkapital og eigeninnsats Vågå kommune kr 250 000

Sum kr 500 000

Førebels framdriftsplan

- Februar/mars 2017: Orientering om Galleri Ullinsvin i Vågå kommunestyre.
Søknad om støtte til masterplan vert sendt OFK og Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal.
- Mars 2017: Val av konsulent til å utføre arbeidet med masterplan.
- Vår og sumar 2017: Gjennomføring av arbeidet med masterplan for Galleri Ullinsvin.
- September 2017: Masterplan ferdigstilt og vedtak på denne i Vågå kommunestyre.

- Frå oktober: Søknadar til ulike offentlege og private aktørar vedr. medfinansiering av Galleri Ullinsvin.
- Februar 2018: Anbudsprosessen startar osv.

Avslutningsvis

Utarbeidinga av ein masterplan for Ullinsvin vil bli ei utfordrande og tidkrevjande oppgåve. Sjølv om det allereie er gjort mykje godt grunnlagsarbeid som vil danne eit fundament, så ser Vågå kommune det som nødvendig å nytte seg av profesjonelle rådgjevarar til å bistå i det vidare arbeidet.

Vågå kommune håpar at Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal ser kva potensiale som ligg i Ullinsvin og området rundt, kva verdi som staden kan få både lokalt og regionalt, og tildeler midlar til utarbeiding av ein masterplan. Midlane kan overførast til Vågå kommune sin konto 2085.07.70000, merka «Masterplan Ullinsvin kunst- og kultursenter».

Med venleg helsing

Tora Sandbu
Tenesteleiar kultur og næring
Vågå kommune

Vedlegg: Presentasjon av Galleri Ullinsvin kunst- og kultursenter

Dokumentet er godkjent elektronisk og er derfor ikkje signert.